

## Finansdepartementet

**Vår ref.**  
15/1826/203, &13/PLA

**Dykker ref.**

**Dato:**  
27.02.2015

### **Melding om vedtak: Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten - høyring**

Haram kommune har gjort følgjande vedtak:

#### **Framlegg frå Rådmannen:**

Formannskapet vil rá kommunestyret til å gjere slike vedtak:

Haram kommunestyre meiner at forslaget om overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten bør utsettast i tid.

Bakgrunnen for dette er at forslaget bør vurderast i lys av den pågående kommunereforma, der ein sentral del nettopp er vurdering av overføring av oppgåver til større og meir robuste kommunar. Haram kommune vil her vise til høyingsuttale frå m.a KS som omhandlar dette.

Haram kommune vil syne til at dersom det i samband med kommunereforma blir etablert ein større kommune i Ålesundregionen på Sunnmøre, så vil ein slik stor kommune kunne utføre skatteinnkrevjinga på ein effektiv og god måte, og dette vil også vere i tråd med målsettinga for kommunereforma.

#### **Behandling i Formannskapet den 17.02.2015:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd.

#### **FS-011/15 Tilråding:**

Haram kommunestyre meiner at forslaget om overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten bør utsettast i tid.

Bakgrunnen for dette er at forslaget bør vurderast i lys av den pågående kommunereforma, der ein sentral del nettopp er vurdering av overføring av oppgåver til større og meir robuste kommunar. Haram kommune vil her vise til høyingsuttale frå m.a KS som omhandlar dette.

Haram kommune vil syne til at dersom det i samband med kommunereforma blir etablert ein større kommune i Ålesundregionen på Sunnmøre, så vil ein slik stor kommune kunne utføre skatteinnkrevjinga på ein effektiv og god måte, og dette vil også vere i tråd med målsettinga for kommunereforma.

**Behandling i Kommunestyret den 26.02.2015:**

Svein Harsjøen, FRP, sette fram følgjande framlegg:

*Haram kommunestyre støtter regjeringa sitt forslag om å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten.*

Det vart røysta alternativt mellom rådmannen sitt framlegg og Svein Harsjøen sitt framlegg. Framlegget frå Svein Harsjøen vart vedtatt med 17 røyster mot 12 røyster for rådmannen sitt framlegg.

**KS-011/15 Vedtak:**

*Haram kommunestyre støtter regjeringa sitt forslag om å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten.*

Dersom De ynskjer fleire opplysningar i saka, kan De ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Per Langnes  
Leiar Stab/støtte

Interntlf. 70 20 76 11

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*